

Nersvea – Nersveen (gnr. 13)

Nersvea: Namn som også fortel om eit anna bruk - svea, som låg lengre oppe.

Det tidleg første vi finn om "Neer- Sveen" i Vingrom er fra 1751. Ole Gilleberg av Faaberg gav da byggeseddel til Nils Larsen på "en under hands gård" Gilleberg til og underliggende husmannsplass Neer-Sveen kaldet mot å svare i årlig husleie 2 rd. i årsarbeid.

Av stor interesse er her eit dødsbuskifte på Neersveen under Gilberg i Fåberg den 24. April 1793. Den døde i Nersveen var da husmora, enka Anna Torgerdatter. Og det er opplyst at arvebuet utgjorde brutto 91 rd. Og netto 74 rd. Ein gjer merksam på at med di Nersvea altså enda var husmannsplass er her ikkje jordgods medregistrert i arvebuet. Arvingane ved skiftet i 1793 var vidare dei 5 borna som Lars og Anna Nersveen hadde i ekteskapet sitt. Dei 5 borna var: 1. Ole Larsen, som da var myndig, 2. Peder, som var 19 år, 3. Kari Larsdtr., som var gift med skoleholder Hans Christensen, 4. Guri Larsdatter, som da var 30 år og ugift, 5. Anne Larsdatter, som var 17 år og ugift, Videre ligg det her nær å nemne at skoleholderen Hans Christensen høgst trulig var den første som planta søtepler i Nersveen. Som skoleholder kjente han sikkert klokkaren Christen Erichsen Bjørnsgaard, som alt da hadde planteskole for frukttre på Skinstaksrud og trulig leverte tre og kanskje hjelpte til med plantinga i Nersveen. Av år 1795 er ein interessant bytehandel med Plassen Nersveen: Even Erichsen Gilberg gav da skjøte til Christen Larsen på plassen Nersveen av skyld 2 ½ skinn, for kjøpesum 250 rd., men samtidig gav og Christen Larsen skjøte , odelsskjøte til Even Erichsen Gilberg på odelsretten til grd. Gilberg for kjøpesum 450 rd.- Da fogden i 1797 spurde etter om det var "avgått eller tilkommet noen gardbrukere som skal svare veimestertold, svarte lagrettet og almuen at det var tilkommet en på Nersveen ved Gilberg og en på Korsrud."

År 1801 kom påbodet om folketelling, og manntallet som da vart opptatt, er Nersveen enda oppført som husmannsplads under Gilberg, og dei som da budde der var: 1. Christen Larsen, husbonden, som altså og er oppført som husmann og "National Soldat" og da var 31 år. 2. Berte Olsdtr., kona hans. 30 år, 3. Lars Christensen, sonen deira , 6 år, 4. Berte Christensdtr., dotter deira 4 år.

Same året altså i 1801 den 4, november døde ellers husbonden Christen Larsen v/Gilberg, truleg i krigen. Og den 22. s.m. vart han gravlagt i Fåberg. I samband med dette dødsfallet var det så den 2. Juni 1802 arveskifte etter Christen Larsen i "Nersveen i Lillehammer. Fåberg." Ved dette skiftet vart plassen Nersveen verdset til 250 rd., og arvebuet utgjorde brutto 290 rd, men netto berre 45 rd. Arvingene ved skiftet var forutan enka Berte Olsdtr. Dei to før nemnde borna: Lars, som da var 7 år, og Berte, som var 5 år.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Nersveen oppgitt at husdyrhaldet av store husdyr da var 3 kyr, og at den årlige kornavlinga utgjorde kring 6 tønner.

Ved matrikkuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Nersveen i Vingrom fekk da som ei ny matrikkelskyld: 2 ort og 21 skilling, og eigar og brukar av Nersveen var da Lars Christensen f. 1795, som vi alt kjenner litt til fra før. Lars Christensen var framleis eigar og brukar av Nersveen også i 1841. Det er da fortalt at han hadde lånt 600 spd. av Ole Fjeld mot tinglese obligasjon av 14. Juni 1841. Denne obligasjonen vart ellers avlyst den 20. mars 1849. Tre år seinare gav ellers faren Lars Christensen Nersveen i år 1852 skjøte til sonen Christen Larsen på slektsgarden Nersveen for kjøpesum 237 spd. + eit føderåd av verdi 150 spd.- To år seinare var det i 1854 den store utskifting av Fåberg Vestfjell, der Nersveen truleg og hadde gamle bruksretter både til hamn og til hogst.

I samband med folke- og jordbrukstellinga i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Nersveen oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid utgjorde 80 mål, og av dette var 14 mål jord av 1. klasse, Samtidig er vidare oppgitt at buskapen i Nersveen med 1 husmannsplass da utgjorde: 1 hest, 4 storfe og 17 småkrøter, og at den årlige utsæd av korn var ca. 2 tønner bygg og av settepoteter kring 3 1/2 tønne. Eigar og brukar av garden i den tid var framleis Christen Larsen Nersveen. Men etter atter tre år gav så i 1868 Christen Larsen skjøte til Peder Christensen ved Bolleng på farsgarden Nersvea for kjøpesum 300 spd. + føderåd. Kjøparen Peder Christensen hadde ellers ikkje garden meir enn i tre år. Da han i 1871 selde Nersvea, som namnet vart uttala i bygdemålet, vidare til Torger Christensen for kjøpesum 400 spd.

Torgeir Christensen var framleis brukar i Nersveen i 1883. Han lånte 800 rd, av Andreas Bratberg mot tinglyst obligasjon av 14. des, s.å, som ellers vart avlyst alt i 1902, Det går fram at pengene iallfall for ein del vart brukte til nybygging og restaurering av husa i Nersveen.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og – øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Nersveen i Vingrom fekk da sitt nye gardsnr. 13 av samla skyld 1,81 mark, og det var i 1886 framleis Torger Christensen og kona hans, Johanne Torgersdtr., som var husbondsfolk i Nersveen.

Torger Nersveen var ein interessert gardbrukar, som heldt den gamle søteplehagen i Nersveen i akt og ære. Den som skriv dette kan godt minnest frå 1890-åra at når det om hausten var auksjoner i Vingrom, hadde ofte Torger Nersveen ei stor korg med søteple med seg som han selde blant auksjonsfolket. Prisen kunne vera heilt nede i 4 eple for 10 øre, men så stor som korga hans var så kunne det likevel bli ein brukande daglønn. Og gode var dei, desse typiske søtepla av dei gamle store apalene i Nersveen.

Torger og Johanne brukte så Nersveea til 1903, da testamenterte dei det velstelte bruket sitt til Ludvig Mathiassen Nersveen visstnok for kr. 1000.-. Nersveea hadde setra si inne i bjørnetraktene kring Sjoghaugen. Men i 1908 skjøta Ludvig Nersveen setra Sjoghaugen over til Thomas Jørstad og K. Bakken, og ein merkar seg at setra vart skyldsett til 0.36 mark. Det var der inne at den kjende bjørnen i vestibulen på Victoria Hotel vart skoten.

Som eit anna streif frå nyare tid tek vi ellers med at ved kommunevalet i 1907 budde det etter manntalet to personar med røysterett i Nersveen, Dei var: a. Ludvig Mathiassen Nersveen, 32 år, b. Pauline Mathiasdtr., kona hans. 36 år. Både Ludvig og Pauline Nersveen var trufaste goodtemplalar, og var i ei årrekke blant dei berande krefter i losje Heimhug i Vingrom.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det Kr. T. Rindal som var eigar, og Johannes Evensen som var brukar av Nersveen. Det brukande jordbruksareal der av åker, hage og eng vart da oppgitt til ca, 40 mål (dekar).